

NotatDato: 25.11.2015
Arkivsak: 2015/12062-1
Saksbehandlar: oydzien

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedk. private vidaregåande skular**Fylkesrådmannen viser til følgjande spørsmål frå Terje Kollbotn:**

1. «I fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2016 er det på s. 40 og s. 41 ein full oversikt over alle fylkeskommunale vidaregåande skular, med budsjett, elevtal, budsjett pr. elev og andel av elevtal. Eg ber om tilsvarande oversikt over alle private vidaregåande skular i fylket.
2. Eg ber om full oversikt over eigarskap og finansiering av dei ulike private vidaregåande skulane i Hordaland.
3. Eg ber om svar på om noen av dei private vidaregåande skulane i Hordaland har vore granska av Utdanningsdirektoratet for brot på friskulelova, og i tilfelle kva skular og med kva resultat.»

Det er Utdanningsdirektoratet som har tilsyn med dei private skulane. På utdanningsdirektoratet sine nettsider er det informasjon om søknad, tilsyn, tilskot og aktuell informasjon. Sjå:
<http://www.udir.no/Regelverk/Private-skoler/Skoler-etter-privatskoleloven/>

Tabellen under syner elevtal ved dei private vidaregåande skulane i fylket skuleåret 2014-15

Enhetsnavn	Enhetsstype	Elevtal 2014-2015
Hordaland fylke	Fylke - Alle utdanningsprogram	2839
Bergen Private gymnas AS (privat)	Videregående skole - Alle utdanningsprogram	468
Danielsen Intensivgymnas (privat)	Videregående skole - Alle utdanningsprogram	311
Danielsen videregående skole (privat)	Videregående skole - Alle utdanningsprogram	544
Framnes Kristne vidaregåande skule (privat)	Videregående skole - Alle utdanningsprogram	265
Hop vidaregåande skole AS (privat)	Videregående skole - Alle utdanningsprogram	75

Kongshaug Musikkgymnas (privat)	Videregående skole - Alle utdanningsprogram	91
Krokeide videregående skole AS (privat)	Videregående skole - Alle utdanningsprogram	152
Metis Akademiet videregående AS (privat)	Videregående skole - Alle utdanningsprogram	497
Rudolf Steinerskolen i Bergen - Skolen (privat)	Grunnskole og videregående skole - Alle utdanningsprogram	56
St Paul skole (privat)	Grunnskole og videregående skole - Alle utdanningsprogram	178

Framlegg til tilskotssatsar for friskulane for budsjettåret 2016 er publisert på nettsidene til Utdanningsdirektoratet: <http://www.udir.no/Regelverk/Tilskudd/Tilskudd-til-private-skoler/Private-videregaende-skoler/tilskuddssatser-for-frittstaende-videregaende-skoler-2016/>

Utrekning av satsane er også lagt ut på nettsida, sjå: <http://www.udir.no/globalassets/filer/regelverk/tilskudd/satser/beregning-satser-frittstaende-videregaende-skoler-2016.pdf>

Tabellen under syner grunnlag for sats til private skular pr utdanningsprogram. Vidare er det utrekna kor mykje statstilskotet utgjør. Dette tilsvarar 85 % av grunnlaget.

Utdanningsprogram Kunnskapsløftet	Grunnlag	85% statstilskott
Studiespesialisering	118 200	100470
Bygg- og anleggsteknikk	155 100	131835
Elektrofag	149 200	126820
Design og håndverksfag	156 900	133365
Restaurant- og matfag	161 600	137360
Helse- og oppvekstfag	141 000	119850
Idrettsfag	130 600	111010
Teknikk og industriell produksjon	150 000	127500
Musikk, dans og drama	170 100	144585
Medier og kommunikasjon	140 000	119000
Naturbruk	194 700	165495
Service og samferdsel	146 700	124695
Steinerskoler, studiespesialisering	133 800	113 730

Tilsynsrapportar er i all hovudsak offentlege dokument. Rapportar frå tilsyn som Utdanningsdirektoratet har gjennomført, vert publisert på direktoratet si nettside. Rapportar frå tilsyn som er gjennomført før 1. august 2009, er i noko varierende grad publisert på fylkesmennene sine nettsider.

Rapportar frå tilsyn private skular finn ein på: <http://www.udir.no/Regelverk/regelverk/tilsyn/>